



Vedteke 22.06.2016  
 Revidert versjon  
 08.01.2016/EMS

## PROSJEKTDIREKTIV

<b>Om prosjektet</b>	
Prosjektnamn	Kommunereform samanslåing av kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven.
Startdato samla prosjekt	
Startdato	
Sluttdato	30. juni.2016
Oppdragsgevar	Kommunestyra i Vågsøy, Selje og Vanylven

<b>Organisering</b>	
Prosjekteigar	Kommunestyra i dei deltakande kommunar
Prosjektansvarleg	Knut Ove Leite
Styringsgruppe	Ordførarane i dei deltakande kommunar: Selje: Sissel Solheim (Fagforbundet) Vara: Håvar Fagerli (Utdanningsforbundet) Vågsøy: Ingunn Frøyen (Utdanningsforbundet) Vara: Karin Raknes (Fagforbundet) Vanylven: Randi Aarønæs (Delta) Rådmennene og prosjektleiar har møte- og talerett. Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa.
Prosjektleiar og sekretær	Eli Mehlum Stølan

Prosjektgruppe	Rådmennene i dei deltakande kommunar Prosjektleiar Eli Mehlum Stølan
Arbeidsgrupper/adhoc-grupper	Vert etablerte etter behov
Referansegrupper	Formannskapa Lokale styringsgrupper i kommunane.

## Bakgrunn for prosjektet – kva er utfordringane

Stortinget har slutta seg til regjeringa sitt framlegg til kommunereform der målet er:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskaplege og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati.

Jf. St.prp. 95 (2013-2014) er grunngevinga for reforma;

- Befolkningsutviklinga
- Sentralisering
- Manglande samsvar mellom administrative og funksjonelle funksjonar
- Mange og viktige oppgåver stiller krav til kommunane
- Auka krav til kapasitet og kompetanse
- Utfordringar for lokaldemokratiet
- Interkommunalt samarbeid
- Auka statleg detaljstyring

Ekspertutvalet for kommunereforma har sett opp ti kriterier for kommunane – og som alle kommunane skal vurdere:

- Tilstreккеleg kapasitet
- Relevant kompetanse
- Tilstreккеleg distanse
- Effektiv tenesteproduksjon
- Økonomisk soliditet
- Valfridom
- Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
- Høg politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Lokal identitet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i St.meld. 14 (2014-2015) gjeve tilråding om nye oppgåver til større kommunar. Meldinga skal handsamast i Stortinget i mai/juni 2015.

Dette prosjektet skriv seg frå eit felles mandat om å gjennomføre ein prosess mot ei eventuelle større einingar og førebu ei kommunesamanslåing. I prosjektmandatet er det sagt at prosjektet mellom anna skal:

- Lage eit utfordringsbilde for kommunane, herunder folketalsutvikling, behov for arbeidskraft, næringsutvikling, arealbruk og arealbehov.
- Vise kva område som utgjer eit felles bu- og arbeidsområde og korleis pendlarmønsteret er.
- Gje oversikt over den økonomiske situasjonen i kommunane (inntektsnivå, gjeldsnivå, reservar m.m.).
- Vise status for tenesteytinga i kommunane,
- Gje ei oversikt interkommunale samarbeid og andre samarbeidsformer desse kommunane er involverte i, og kome med framlegg til kva som skal skje med desse samarbeida i større kommunale einingar.
- Prøve å gje svar på kva verknader ei endring av kommunegrensene vil ha på tenestetilbodet.
- Vurdere om den nye kommunen kan ta på seg oppgåver som i dag ligg til fylke eller stat.
- Seie noko om korleis ein ny kommune kan
  - vere utviklingsaktør (syssetting, næringsutvikling og busetnad)
  - Modernisere offentleg sektor
  - Ivareta kommuneøkonomi og lokaldemokratiet
  - Sikre kommunale arbeidsplassar (rekruttering, kompetanse, fagmiljø)

Dette prosjektarbeidet skal utgreie modell for samanslåing av kommunar i ytre Nordfjord og søre Sunnmøre:

Kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven

Kommunane kan og vurdere andre alternativ.

### **Effektmål – Kva skal vere oppnådd når prosjektperioden er avslutta.**

Bidra til at det blir gjennomført eit utgreiingsarbeid med kvalitet som gjer det mogeleg for kommunestyra å gjere vedtak om framtidig kommunestruktur..

### **Objektmål – Kva skal gjennomførast i prosjektperioden**

- Lage utgreiingar med tilstrekkeleg kvalitet
- Utarbeide forslag til intensjonsavtale
- Gje råd til den einskilde kommune
- Utarbeide prosjektdirektiv for ein avsluttande fase.

### **Framdriftsplan**

(sjå under punktet hovudtiltak nedanfor)

#### **Hovudtiltak**

<b>Kva</b>	<b>Frist</b>
Prosjektgruppa har ansvar for aktuelt analysearbeid	
Kvar einskild kommune har avklara prosjektorganisering i eigen kommune	
Prosjektleiari i funksjon	08.06.2015
Styringsgruppa vedtek prosjektdirektivet	22.06.2015
Prosjektgruppa gjennomfører risikovurdering	27.08.2015

Felles formannskapsmøte	27.08.2015
Avtroppande kommunestyre har handsama ein statusrapport og gjeve evt. tilråding om vidare prosess	Siste kommunestyre før valet 2015
Andre nabokommunar (Vanylven) tar stilling til deltaking	15.12.2015
Etablering av forhandlingsutval	26.11.2015
Forhandlingsutvalet startar arbeidet med forhandlingar om intensjonsavtale	02.12.2015
Møte i prosjektgruppa	02.12.2015
Forhandlingsmøte intensjonsavtale	14.12.2015
Utgreiinga skal vere ferdig	31.12.2015
Møte i styringsgruppa	06.01.2016
Forhandlingsmøte intensjonsavtale	07.01.2016
Utkast til intensjonsavtale ferdig frå forhandlingsutvalet	Innan 15..01.2016
Felles formannskapsmøte	28.01.2016
Informasjonsmøte med ungdomsråda i alle kommunane, lage ei plan for vidare involvering.	Innan 31.01.2016
Møte i prosjektgruppa. Prosjektgruppa lagar utkast til detaljert framdriftsplan for tidsrommet 19.02 – 30.06.2016 og legg denne fram for styringsgruppa	01.02.2016
Møte i styringsgruppa Avklare datoar for viktige hendingar fram til kommunestyrevedtak i juni.	24.02.2016
Møte i forhandlingsutvalet – ferdigstilling av intensjonsavtalen	24.02.2016
Informasjonsmøte for innbyggjarane i alle kommunane /kommunevis /samla	29.02.2016 Fiskå 02.03.2016 Selje 03.03.2016 Måløy
Førebu røysting	Februar 2016
Felles kommunestyremøte	Innan informasjonsmøte 2
Eventuelt Informasjonsmøte nr. 2 i alle kommunane	Mars 2016
Røysting innbyggjarane	April 2016 (4.?)
Vedtaksgrunnlag for kommunane ferdig	01.05.2016
Felles formannskapsmøte	01.06.2016
Kommunestyrevedtak om kven dei eventuelt ønskjer å slå seg saman med	Frist 30.06.2016

### **Kva grunnlagsdokumentasjon er viktig for prosjektet – i tillegg til sentrale føringar?**

- Kommunestyrevedtak desember 2014 – januar 2015 for deltakarkommunane.

### **Kritiske faktorar?**

På eit overordna nivå ser ein følgjande risikoområde;

- At kommunane prioriterer å stille med rådmann og ordførar i arbeidet

- At kommunane prioriterer å utføre arbeid for prosjektet
- Tilstrekkeleg tid til å gjere utgreiingar
- Tilstrekkeleg utgreiingskapasitet hjå eksterne leverandørar
- Samarbeidsklima mellom kommunane
- Samarbeidsklima i prosjektorganisasjonen
- Eventuell folkerøysting/-høyring knytt til slutfasen i prosjektet
- Utfordring å få politisk miljø og innbyggjarar til å vektlegge både kjensler og fakta.

<b>Økonomi</b>			
Inntekter		Utgifter	
Gjeld	Sum	Sum	Gjeld
Tilskot frå fylkesmannen	450 000		Prosjektleiing
Tilskot til innbyggjarhøyring i 3 kommunar (100 000 pr.kommune)	300 000		Innleige for innbyggjarhøyring/folkerøysting
Eigenandel	900 000		Interne utgreiingar
			Utarbeiding av intensjonsavtaler
			Informasjon
			Andre driftskostnader

<b>Kommunikasjon i prosjektet</b>		
Kva	Når	Ansvar
Annonse i aktuelle aviser med føremål å informere om prosess mm	Ved behov	Prosjektleiar/Rådmann
Kvar einskild kommune har ansvar for informasjon i eigen organisasjon og mot egne innbyggjarar. Kommunane må ha eigen link på heimesida. Viktig at det kjem lik informasjon ut i alle kommunane.	Jamleg	Prosjektleiar i samarbeid med Rådmann
Referat frå møter i prosjekt- og styringsgruppa blir sendt samarbeidande kommunar, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Møre og Romsdal til informasjon.	Jamleg	Prosjektleiar/Rådmann
Det må vere tett kommunikasjon mellom tillitsvalte og prosjektgruppa.	Jamleg	Prosjektleiar/Rådmann/tillitsvalte